



Statens vegvesen - Vegdirektoratet  
Postboks 8142 Dep.  
0033 OSLO

Dato: 14.01.2015  
Vår ref.: 2014/23709-2  
Saksbehandlar: torklin  
Dykkar ref.: 2013/143087-033

## Tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar - søknad frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har motteke brev frå Vegdirektoratet datert 17.11.14 angående *Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner – invitasjon til å søke om midler for 2014 og 2015.*

Bergen kommune / Sykkelbyen Bergen og Hordaland fylkeskommune har valt å utforma ein felles søknad, der Hordaland fylkeskommune har koordineringsansvaret.

Investeringar til sykkeltiltak i Bergen vert normalt planlagt, prosjektert og finansiert gjennom Bergensprogrammet, eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen. Programmet omfattar kollektivtrafikktiltak, gang- og sykkelveggar, miljøprosjekt, tiltak på gatenettet i sentrum, trafikktryggleikstiltak og nye vegprosjekt. I perioden 2002-2025 vert det investert for nær 12,7 milliardar kroner i nye samferdselsprosjekt i Bergen.

Tilskotsordninga opnar for å søka om tilskot til prosjekt som er ferdig regulert og som kan ferdigstillast i 2015. I Bergensområdet har ein normalt ikkje ferdig reguleringsplan for tiltak som ikkje er prioritert og manglar finansiering i årlege plan- og byggeprogram. Av aktuelle nye prosjekt er det berre eit fåtal som det er realistisk å ferdigstillast i løpet av inneverande år. Det har difor vore ei utfordring å finna større sykkelprosjekt som er godt eigna i høve til dei krav som er stilt i tilskotsordninga.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune søkjer om tilskot til fylgjande tiltak som vil auka sykkelbruken:

- Etablering av sykkelveg i Fabrikkgaten
- Gjennomføring av tiltak etter sykkelveginspeksjon langs fylkesveg
- Etablering av visningsskilt langs hovudsykkelruter på fylkesveg
- Sikker sykkelparkering ved Åsane kollektivterminal
- Sikker sykkelparkering ved Lagunen kollektivterminal
- Sikker sykkelparkering ved Birkelandskiftet kollektivterminal
- Sikker sykkelparkering ved Nesttun kollektivterminal
- Etablering av sykkelveg m fortau i Møllendalsveien

Eigenandelen på 50% vert innarbeidd innanfor dei økonomiske rammene til Bergensprogrammet eller som eventuelt tildelte belønningmidlar for 2015. Dette gjeld ikkje for dei tiltaket *Sykkelveg Møllendalsveien* og som er eit reint kommunalt prosjekt. Eigenandelen for dette prosjektet vert difor dekkja av Bergen kommune.

Eigenandelen er avklåra administrativt for samtlege tiltak. Politiske vedtak om forpliktingar i høve til eigenandelen vert ettersendt så snart dei er fatta, i løpet av februar 2015.

Samla kostnader for dei ulike prosjekta er 22,4 mill. kroner. Det vert søkt om 11,2 mill. kroner i tilskot.

Me minner for ordens skuld om at Sykkkelbyen Stord (også i Hordaland) utformar sin eigen søknad.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Søknadsskjema for dei 8 ulike tiltaka. Samlefil.